



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato  
15.05.2017  
Dykkar dato  
15.03.2017

Vår referanse  
2017/3687 520  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Svar på søknad om tilskot til prosjekt for gjennomføring av vassforskrifta i kommunane i Nordhordland - Meland Lindås Radøy Austrheim og Fedje**

Vi viser til søknad dagsett 15.mars, vår e-post dagsett 24. mars, dykkar svar og dykkar utfyllande søknad datert 24.april til prosjektet: : «Landbruket sitt ansvar for vassforskrifta – felles innsats for reinare vatn.»

#### **Saka gjeld:**

Lindås kommune saman med felles landbrukskontor for Radøy, Austrheim, Fedje søker om prosjekt for grasrotstyrt gjennomføring av vassforskrifta. Målet for prosjektet er å skape god forståing blant landbruket sine aktørar for at dette er viktig arbeid, og å sikre at landbruket sitt ansvar for arbeidet vert gjennomført på en god måte.

Kartlegging syner dårleg tilstand for mange av vassførekomstane i området. For å få ein god prosess og god kommunikasjon, ynskjer ein ei tilnærming til landbrukssegmentet på ein måte der næringa sjølv er med og definerer problem og utformar tiltak. Ein vil opprette arbeidslag for nedslagsfelta til det einskilde vassdraget/vassområdet bestående av grunneigarar, landbrukskontor og VA avdelinga i kommunen.

I fellesskap vil ein freiste å definere problem og løysingar.

Metode: synfaring, diskusjon, oversyn over kloakk, dårlege gjødselkjellarar, feil spreiding av husdyrgjødsel, manglande gjødselplanar o.s.v. diskusjon, konsensus.

Ein har som mål å etablere gode arbeidslag for alle dei aktuelle vassdraga/vassførekomstane innan sommaren 2018. Tilskotet skal nyttast til organisering, assistanse av arbeidslaga og ev. leige av fagpersonell.

Prosjektet er planlagt starta i Mjåtveitvassdraget i Meland kommune, eller i Gjerdsvassdraget på Radøy. Dette er store vassdraga som består av fleire vassområde. Når ein har vunne erfaring frå det første vassdraget, vil ein etablere ein fastare (skriftleg) rutine som kan følgjast for dei neste vassdraga. Ein har som mål å etablere gode arbeidslag for alle dei aktuelle vassdraga/vassførekomstane innan sommaren 2018.

Den skriftlege rutinen vil og vere anvendbar for andre og kan formidlast til FM, som rapport frå tiltaket ein eventuelt her får tilskot til.

**Prosjektperiode:** 2.halvår 2017 og fram til sommaren 2018.

#### **Vurdering:**

Kommunane skal no gjennomføre tiltak i samband med vassforskrifta. Målet er at alle vassførekomstar har brukbar miljøtilstand i 2021. Kommunar i Nordhordland vil i fellesskap

legge til rette for engasjement kring vassdraga og lage vasslag for eigenorganisering av grunneigarar og kommunale mynde langs vassdraget. Metode er god kommunikasjon og forståing for situasjonen i ulike vassdrag, der ein nyttar kunnskap og interesse framfor tvang og pålegg. Ein empowerment-strategi der landbruksnæringa sjølv er med og finn problemområda saman med kommunale tilsette er spennande, og vil kunne tene som døme på korleis tiltak kan gjennomførast i fellesskap med fleire berørte partar og med lågt konfliktnivå. I prosjektet vil det verta utarbeidd ein form for mal/rutinebeskriving/ sjekkeliste som kan ha overføringsverdi til andre område.

**Vedtak:**

Med bakgrunn i retningsliner for bruk av klima og miljømidlar i Hordaland, vert det løyvd kr 70 000 til prosjektet «Landbruket sitt ansvar for vassforskrifta – felles innsats for reinare vatn.» inkludert utarbeiding av ein mal/rutinebeskriving/ sjekkeliste som kan nyttast i andre tilsvarande prosjekt.

**Arbeidsfrist**

Tiltaket skal gjennomførast og rapporterast innan 30.11 2018.

Utbetaling skjer på grunnlag av oppmoding frå mottakar etter at tiltaket er gjennomført. Det skal fylje med ein kortfatta rapport av arbeidet med oversyn over rekneskap og finansiering av tiltaket med oppmoding om utbetaling og kontonummer.

Tilskotet skal ikkje dekkje ordinære drifts- og administrasjonskostnadar.

**Klagerett:**

Mottakar har rett til å klage. Klagen skal stilast landbruksdirektoratet, postboks 8140 Dep, 0033 Oslo, og sendast Fylkesmannen ved landbruksavdelinga. Klaga bør vere grunngjeve jf. § 32 i forvaltningslova. Klagefrist er tre veker frå dagen de mottar denne løyvinga.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Kari Beate Mostad  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*